

Saksbehandlar: Tage Rickard Sundell, Bygge- og eigedomstenesta
Sak nr.: 16/5006-1

Klimasatssøknad frå Bygg- og eigedomstenesta

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til at det vert søkt om tilskot til:

1. Forprosjekt for utgreiing av klimagassreducerande tiltak ved Fylkeshuset i Leikanger
2. Forprosjekt for utgreiing av klimagassreducerande tiltak ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeshuset (Leikanger) og Mo og Øyrane vidaregåande skule, avd. Mo (Førde) er identifisert som dei to største og vanskelegaste utfordringane med omsyn til kostnadseffektiv reduksjon av klimagassutslepp i fylkeskommunens sin eigedomsmasse. Det er trong for å auke mengde fornybar energiforsyning og for å få meir effektiv bruk av levert energi for desse bygga.

«Klimasats» er ei nasjonal satsing som gjev kommunar og fylkeskommunar høve til å søke økonomisk støtte til utgreiing og gjennomføring. Fylkesrådmannen ved bygge og eigedomstenesta ynskjer å søke på slike midlar og det er eit krav at slikt søknad er politisk forankra.

2. Vurderingar og konsekvensar

For å nå mål om reduksjon av energibruk i fylkeskommunal eigedomsmasse er det naudsynt å gjennomføre relativt store tiltak. Desse tiltaka er både omfattande og kostbare. Fylkeshuset og Mo og Øyrane vidaregåande skule, avd. Mo, er og to av dei eigedommane/bygga som brukar mest energi per kvadratmeter og det er naturleg å sjå på moglegheita for å få desse meir energieffektive. Dette som ein del av satsinga for å nå våre mål om reduksjon av energibruk i fylkeskommunale bygg.

Bygge- og eigedomstenesta ynskjer i første omgang å søke om støtte til forprosjekt, dvs. kartlegging av moglege tiltak/løysingar og vurdering av dei totale kostnadane ved ev. oppfølging. Ved eit forprosjekt vil ein ha eit godt grunnlag for ev. å søke vidare støtte til gjennomføring.

«Klimasats» er ei støtteordning for klimasatsing i norske kommunar og fylkeskommunar. Tiltak som gjev store utsleppsreduksjonar vert prioritert. Dette er første søknadsrunde som no vert lyst ut med frist 23.06.16 og som skal delast ut i september i år.

Frå opplysningar om «klimasats» – støtte til forprosjekt – kan vi referere:

«Støtte til forprosjekter skal gå til å konkretisere og detaljplanlegge ett eller flere klimagassreducerende tiltak i kommunenes plan om klima og energi, eller tiltak som på annen måte utpeker seg for klimagassreduksjon.

Tiltaket som skal prosjekteres bør være realistisk å gjennomføre innen fem til sju år. Juridiske avklaringer kan være del av tiltaket. Kartlegging av klimakutt-potensialet i kommunen kan også støttes.

Ferdig prosjektert tiltak bør være konkret og inneholde detaljert gjennomførings-plan, budsjett og finansieringsplan, samt gode vurderinger om nytteeffekten. Beregning av den teoretiske effekten av tiltaket, altså hvilke klimagass-reduksjoner tiltaket vil gi på kort og lang sikt, bør inngå i tiltaket. Forprosjektet bør også omfatte en vurdering av informasjon som trengs for å måle/vurdere den reelle effekten av tiltaket i etterkant. Avdekker forprosjektet at tiltaket ikke bør gjennomføres bør det begrunnes.

Ferdig forprosjekt skal være offentlig tilgjengelig på en slik måte at andre lett kan dra nytte av arbeidet.

Utarbeidelsen av selve kommune(del)planen om klima- og energi vil ikke gis støtte.

Støtte til forprosjekter skal ikke gå til selve gjennomføring av tiltaket, altså investeringen»

Støtte for utgreiing vert gjeve med inntil 250 000,- kr, maks 60 % av totalkostnadene. Det vil bli søkt om maksimalt beløp for kartlegging då dei totale kostnadane for begge prosjekta er estimert til om lag 500.000,- kr. Eigeninnsats (krav) på forprosjektet er tenkt finansiert gjennom dei ordinære miljøtiltaksmidlane og vil då ikkje krevje endringar i fylkeskommunen sitt vedteke budsjett.

3. Konklusjon/oppsummering

Potensiell reduksjon av klimagassutslepp ved gjennomføring av tiltak er vesentleg og vil vere viktig for å nå mål om redusert energibruk i fylkeskommunale bygg. Kartlegginga gjennom eit forprosjekt vil visa meir nøyaktig kor mykje energi og klimagassutslepp det vil vere mogleg å redusere.

Gjennomføring av forprosjekt vil vere med på å leggje til rette for etterfølgjande søknad om økonomisk støtte frå Klimasats for gjennomføring av tiltak. Ei slik støtte vil og gjere det lettare for fylkeskommunen å finansiere satsinga i tråd med målsettingane i vedteken miljø- og klimaplan.